



Haustetidsvurderingar veke 37

Måndag 11. september vart det tatt prøver av 'Summerred', Gravenstein og Eden.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvene er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Summerred

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,5 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,09-0,11

Streif-indeks er ikkje den beste verdien å gå etter på denne sorten, viktigare å sjå på stivenedbrytinga.

Dyrkar	K O Loen			G A Vereide		
Stad	Loen			Sandane		
Prøve nr	1			2		
Dato	28.08.23	04.09.23	11.09.23	28.08.23	04.09.23	11.09.23
Fruktvekt g	132	152,5	152,5	136	157,8	186,3
Grunnfarge	C2	C2-C3	C3-C4	C1-C2	C2-C3	C3-C4
Fastleik	8,9	8	7,8	8,7	8,5	8
Sukker	9,56	9,9	10,37	9,89	11,1	11,5
Stive	2,6	3,6	5,1	3,1	3,9	5,2
Streif	0,35	0,22	0,14	0,28	0,19	0,13

Utviklinga har gått framover i både sukker, stive og grunnfarge. Stiveverdien ligg no innanfor optimalen 'Summerred' er hausteklar i tidlege felt. Seinare felt kan vente til helga og utover neste veke. Plukk i fleire omgangar, start med frukta høgt oppe i trea og solsida, og seinare omgang dei som heng i skugge og lågare i treet.



Grunnfargen ligg no mellom C3-C4

1.Loen



2.Sandane



Stiveinnhaldet har minka sidan sist veke og ligg no innafor optimalverdiane.

Veke 37



Veke 36



Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K O Loen	O.R. Lyslo
Stad	Loen	Innvik
Prøve nr	1	2
Dato	11.09.23	11.09.23
Fruktvekt g	194,7	221,6
Grunnfarge	C2-C3	C2-C3
Fastleik	8,2	7,8
Sukker	9,56	11,43
Stive	2,7	2,7
Streif	0,31	0,25

'Gravenstein' treng framleis tid når det kjem til utvikling av stive og grunnfarge, og delvis sukker (dette kjem med nedbrytinga av stiva). Det er stor skilnad på sukkerutviklinga i dei to felta, prøvene frå Innvik er teke i unge tre med færre frukt, og det er nok difor det er høgare innhald av sukker i desse. Merk og at yngre felt kan verte tidlegare modne enn eldre felt.

Haustestart for 'Gravenstein' vert truleg om 1-2 veker. Det vert tekne nye prøver av denne sorten måndag 18. september.



Grunnfargen ligg mellom C2-C3

1. Loen



Stiven ligg framleis for høgt, mellom 2 og 3.



Eden


Det finst enno ikkje fullstendige optimalverdiar for Eden, men grunnfargen bør ligge på minst C4, helst C5, og dekkfargen skal vere intenst raud.

Dyrkar	O.R. Lyslo
Stad	Innvik
Prøve nr	1
Dato	11.09.23
Fruktvekt g	175,7
Grunnfarge	C1/C3
Fastleik	10,56
Sukker	10,42
Streif	0,25

Det er teke ei prøve av 'Eden' denne veka. Utviklinga er noko ujamn, dette heng nok saman med at det er ujamn avling på trea. 'Eden' er enno ikkje hausteklar, det er framleis mykje stive att, og frukta treng meir utvikling på grunnfarge, då denne framleis er for grøn. Det vert tekne nye prøver av Eden måndag 18. september.



Grunnfargen er framleis for grøn (biletet gir ikkje rett framstilling her). Dekkfargen skal verte intenst raud. Eple nr. 1 og 2 byrjar å få ein fin dekkfarge.



Det er framleis mykje stive att i 'Eden'.